

Utval: Kultur- og ressursutvalet
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etg, Fylkeshuset
Dato: 10.09.2015
Tidspunkt: 11:00 – 13:35

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Marianne Sandahl Bjørøy	Medlem	FL A/R
Siri Klokkestuen	Medlem	FL A/R
Natalie Antonia Golis	Medlem	FL A/R
Anita Garlid Johannessen	Nestleiar	FRP
Svein Halleraker	Medlem	H
Nils Marton Aadland	Medlem	H
Anne Beth Njærheim	Leiar	V
Kristian Helland	Medlem	KRF
Inger Johanne Seim	Medlem	FL A/R

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Neshe Lie	Medlem	H
Peder Sjø Slettebø	Medlem	H
Tom Sverre Tomren	Medlem	FL SP/MDG
Gunnar Bakke	Medlem	FRP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Bjarte Vatnøy	Gunnar Bakke	FRP
Mona Røsvik Strømme	Nesje Lie	H
Øyvind Strømme	Tom Sverre Tomren	MDG

Merknader

Ingen vara møtte for Peder Sjø Slettebø

Varamedlem Merete Skadal hadde fått melding om å stille 11. september 2015, og kunne ikkje koma på kort varsel då ho vart gjort kjend med at møte var 10. september 2015.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ronny Skaar	Seksjonsleiar, stedfortredar utviklingsjef – Kultur og idrettsavd.
Tone Haugland	Seniorrådgjevar – Kultur og idrettsavdelinga
Marianne Ose Askvik	Seniorrådgjevar – Kultur og idrettsavdelinga
Liv Sundheim	Seniorrådgjevar - Regionalavdelinga
Kjetil Sigvaldsen	Seniorrådgjevar - Samferdselsavdelinga
Odd Kenneth Mellingen	Stabssjef – kultur og idrettsavdelinga

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 140/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 141/15	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 142/15	Referatsaker (meldingar)		
RS 57/15	Ny landbruksveiforskrift - fastsettelsesbrev, landbruksveiforskrift og endringsforskrift	2015/5527	
RS 58/15	Retningslinjer for gjennomføring av undersøkelsesplikt og budsjettering av arkeologiske registreringer og i henhold til kulturminneloven § 9, jf. kulturminneloven § 10	2014/18649	
RS 59/15	Invitasjon til Riksantikvarens kulturminnekonferanse Høstmøte i Hamar 18.-19. november 2015	2014/568	
RS 60/15	Tildeling frå Miljødirektoratet til statleg sikring av friluftsområde (post 30) i Hordaland 2015	2015/66	
RS 61/15	Meldingssak - Planforslag for Ådland, Ytrebygda - Gnr 112 bnr 1 og 4 m.fl. - Bergen kommune	2014/23683	
PS 143/15	Tildeling av prosjektmidlar under Kulturelt utviklingsprogram 2015	2015/2152	
PS 144/15	Konsolidering stiftinga Bjørn West-museet og stiftinga Museum Vest	2015/8637	
PS 145/15	Invitasjon til medlemskap i «Norges Verdensarv»	2014/15795	
PS 146/15	Kunstnarstipend 2015	2015/2149	X
PS 147/15	Riksantikvarens utkast til veileder for NB! - registeret. Kulturminnefagleg innspel.	2015/7001	
PS 148/15	Kommunedelplan for Rv 13 Jøsandal - Odda sør - høyring	2015/6831	
PS 149/15	Ymse		

PS 140/15 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 10.09.2015

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

PS 141/15 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 10.09.2015

Vedtak

Møteboka frå møte 20.08.2015 vart samrøystes godkjend.

PS 142/15 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 10.09.2015

Til RS 60/15 Tildeling frå Miljødirektoratet til statleg sikring av friluftsområde (post 30) i Hordaland 2015, sette utvalsleiar Anne-Beth Njærheim fram ønskje om at administrasjonen laga ei pressemelding, då om Hordaland fylke har fått tildelt store økonomiske midlar i høve landet elles. Eit samla utval stilte seg bak forslaget.

Brev til Hordaland fylkeskommune frå organisasjonen Frivillighet Norge vart delt ut i møte som meldingssak.

RS 57/15 Ny landbruksveiforskrift - fastsettelsesbrev, landbruksveiforskrift og endringsforskrift

RS 58/15 Retningslinjer for gjennomføring av undersøkelsesplikt og budsjettering av arkeologiske registreringer og i henhold til kulturminneloven

RS 59/15 Invitasjon til Riksantikvarens kulturminnekonferanse Høstmøte i Hamar 18.-19. november 2015

RS 60/15 Tildeling frå Miljødirektoratet til statleg sikring av friluftsområde (post 30) i Hordaland 2015

RS 61/15 Meldingssak - Planforslag for Ådland, Ytrebygda - Gnr 112 bnr 1 og 4 m.fl. - Bergen kommune

PS 143/15 Tildeling av prosjektmidler under Kulturelt utviklingsprogram 2015

Forslag til vedtak

Kultur- og ressursutvalet løyver kr 6 200 000 frå konto 10.400.770 Kulturelt utviklingsprogram 2015 til:

Nr	Søklar	Prosjektnamn	Periode	Søknadssum	Tildelt	Merknad
1.	Amatørkulturrådet i Bergen	Regionale Amatørkulturråd i Hordaland	2 år	150 000	150 000	Med atterhald om at kommunar og regionråd e.l. er meir sentrale i prosjektet enn skissert, og at Amatørkulturrådet si rolle i hovudsak skal vere å tilby sin kompetanse og erfaring.
5.	Bergen Assembly	WITHIN	2 år	1 600 000	1 000 000	
6.	Bergen Kunsthall	Fylkesorientert nettverksbasert residency-prosjekt	1 år	199 950	195 000	
7.	B-open	Nye nettverks- og formidlingstiltak for B-open	3 år	405 500	400 000	
9.	Brak	Bergen Song:Expo	3 år	210 000	210 000	
16.	Hordaland musikkråd	Grunnkurs akustikk	3 år	115 000	115 000	
17.	Kunstgarasjen	Utviklingsår for etablering av Kunstgarasjen	1 år	375 000	375 000	
19.	Kunsthuset Wrap ved Stiftelsen History Disposal Unit	AV Lab	3 år	500 000	375 000	Med atterhald om at eit justert budsjett vert sendt inn før midlar vert utbetalt.
21.	Museumssenteret i Hordaland	Tekstilkultur III	1 år	200 000	180 000	
24.	Norsk Publikumsutvikling	Publikumsatlas Bergen og Hordaland	2 år	200 000	200 000	
25.	NORZEN v/Ian Ward Garland	Fokuskurset	1 år	90 000	90 000	
26.	Oseana Kunst og Kultursenter	Formidlingsmodell	3 år	1 500 000	600 000	Med atterhald om at søklar kan justere prosjekt og budsjett slik som skissert i fylkesrådmannens kommentar.
29.	Proscen - produsentenhet for scenekunst	Mobil Rådgivning	2 år	286 619	280 000	
30.	Radøy kommune	Digital formidling av steinalderhistoria i Fosnstraumen	1 år	150 000	150 000	
33.	Stiftelsen Ole Bull Akademiet	Folkedans i Hordaland	1 år	425 000	425 000	
34.	Stord kommune	Leirvik fyrstasjon	2 år	159 500	155 000	
36.	Sunnhordland museum	Spor etter kraftproduksjon i	2 år	300 000	300 000	

		landskapet			
38.	Vestnorsk kulturakademi/Bygningsvernssenteret Voss/Hardanger	Utviklingsmidler til bygningsvernssenteret Voss / Hardanger	2 år	1 000 000	1 000 000

Følgjande søknader blir ikkje innvilga:

Nr	Søklar	Prosjektnamn	Periode	Totalbudsjett	Søknadssum
2.	Annabel Guaita	Lytteskolen	3 år	1 410 000	600 000
3.	Annabel Guaita	Tangokompaniet	1 år	108 000	50 000
4.	Austrheim kommune	Nyskapande formidling av fiskarbonden	1 år	250 000	125 000
8.	Brak	Kompetansebank	1 år	180 000	70 000
10.	Bymuseet i Bergen	Utvikling av egne produkter til museumsbutikker.	2 år	2 881 000	1 240 500
11.	Bømlo Kunstlag	Kunst i natur	2 år	400 000	250 000
12.	Bømlo Teater	I slik ei natt	1 år	2 690 500	500 000
13.	Fartein Valen-arbeidet i Sveio	Styrking av salmesangen	3 år	915 000	200 000
14.	Folkeakademiet Hordaland	Folk i Huset	3 år	912 290	306 290
15.	Hordaland musikkråd	musikkRÅD	3 år	198 000	198 000
18.	Kunstgruppen Bærekraftige Liv	mosaikktrappene	1 år	100 000	40 000
20.	Meling skule	"KulNatur"	1 år	165 000	75 000
22.	Nordnes Verksteder	Bra sending - Et nett-tv program av og for utviklingshemmede på Vestlandet	1 år	364 050	261 250
23.	Norges Musikkorps Forbund Hordaland	God start for musikanten	3 år	600 000	300 000
27.	Peak Studiofelleskap	Infrastruktur - bygging av arbeids- / øvingsfasiliteter	2 år	4 238 000	590 000
28.	Piksel Produksjoner Ltd	Piksel Lab 2015-17	3 år	4 825 017	900 000
31.	S12 Galleri og Verksted	støtte til S12 sin gjestekunstnerordning (AiR i S12) og utstillingsvirksomhet	3 år	2 095 160	900 000
32.	Sportsklubben Djerv	Historietorget på Møhlenpris	3 år	611 000	291 000
35.	Sunnhordland museum	Frå kitsj til kult - nyskapande formidling av broderiet som kvardagsdekor og kunstform	1 år	250 000	100 000

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 10.09.2015

Svein Halleraker (H) sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av H, V og Frp:

«Tiltak 12 Bømlo teater – I slik ei natt får tildelt 300 000,-

Reduksjon på 150 000,- frå tiltak 5 Bergen Assembly – WHITIN – tildeles 850 000,-
 Reduksjon på 150 000,- frå tiltak 38 Vestnorsk kulturakademi Bygningsvernet Voss/Hardanger -
 tildeles 850 000,-
 Tiltak 4 – Austrheim kommune- Nyskapande formidling av fiskarbonden – tildeles 75 000,-
 Reduksjon på 75 000,- frå tiltak 26 Oseana kunst og kultursenter

Grunngjeving:

Bømlo teater sitt nye sogespel med planlagt premiere 2016 er første skritt mot eit nytt tusenårsjubileum av kristenretten 2024. Eit jubileum av nasjonal verdi. Tiltaket ligg innafor vedtatt kulturplan og mål og strategiar for KUP-midlar. Det er eit stort regionalt og nasjonalt prosjekt, ei stor satsing innan senekunst. Det er med på å styrkja Hordaland fylkeskommune som utviklar av kulturfeltet gjennom nye initiativ i den regionale kulturpolitikken.

Nyskapande formidling av fiskarbonden er eit viktig prosjekt som bør støttes sterkare.»

Siri Klokkestuen (A) sette fram slikt forslag til vedtak på vegnet av A:

«Tildeling av prosjektmidlar under kulturelt utviklingsprogram 2016

Endring:

- Austrheim kommune - Nyskapande formidling av fiskarbonden, 125 000
- Bømlo Teater – I slik ei natt, 500 000

Inndekking:

Amatørkulturrådet – reduksjon 150 000

Oseana – reduksjon 600 000

Grunngjeving:

Hordaland fylkeskommune ynskjer å prioritera kulturopplevingar og kultur til mange. Kystkultur er sentral i Premiss Kultur, og bør prioriterast. Bømlo teater er i ferd med prosjektet I slik ei natt, der dei løftar noregshistoria fram på nytt. Dette er ei nasjonal satsing. Dei gode tiltaka blir dekka inn av å ta bort to tiltak som kan iverksetjast av Hordland fylkeskommune som regional kulturutviklar. Dei har kompetanse, nettverk og er politisk styrkt.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 2 røyster (MDG) og fall.

Halleraker sitt forslag vart vedteke med 6 røyster (med utvalsleiar si røyst) mot 6 røyster (A, Krf og MDG) for Klokkestuen sitt forslag som fall.

Vedtak

Kultur- og ressursutvalet løyver kr 6 200 000 frå konto 10.400.770 Kulturelt utviklingsprogram 2015 til:

Nr	Søkjar	Prosjektnamn	Periode	Søknadssum	Tildelt	Merknad
1.	Amatørkulturrådet i Bergen	Regionale Amatørkulturråd i Hordaland	2 år	150 000	150 000	Med atterhald om at kommunar og regionråd e.l. er meir sentrale i prosjektet enn skissert, og at Amatørkulturrådet si rolle i hovudsak skal vere å tilby sin kompetanse og erfaring.
4.	Austrheim kommune	Nyskapande formidling av fiskarbonden	1 år	250 000	75 000	
5.	Bergen Assembly	WITHIN	2 år	1 600 000	850 000	
6.	Bergen Kunsthall	Fylkesorientert nettverksbasert residency-prosjekt	1 år	199 950	195 000	

7.	B-open	Nye nettverks- og formidlingstiltak for B-open	3 år	405 500	400 000	
9.	Brak	Bergen Song:Expo	3 år	210 000	210 000	
12.	Bømlø Teater	I slik ei natt	1 år	2 690 500	300 000	
16.	Hordaland musikkråd	Grunnkurs akustikk	3 år	115 000	115 000	
17.	Kunstgarasjen	Utviklingsår for etablering av Kunstgarasjen	1 år	375 000	375 000	
19.	Kunsthuset Wrap ved Stiftelsen History Disposal Unit	AV Lab	3 år	500 000	375 000	Med atterhald om at eit justert budsjett vert sendt inn før midlar vert utbetalt.
21.	Museumssenteret i Hordaland	Tekstilkultur III	1 år	200 000	180 000	
24.	Norsk Publikumsutvikling	Publikumsatlas Bergen og Hordaland	2 år	200 000	200 000	
25.	NORZEN v/Ian Ward Garland	Fokuskurset	1 år	90 000	90 000	
26.	Oseana Kunst og Kultursenter	Formidlingsmodell	3 år	1 500 000	525 000	Med atterhald om at søkjar kan justere prosjekt og budsjett slik som skissert i fylkesrådmannens kommentar.
29.	Proscen - produsentenhet for scenekunst	Mobil Rådgivning	2 år	286 619	280 000	
30.	Radøy kommune	Digital formidling av steinalderhistoria i Fosnstraumen	1 år	150 000	150 000	
33.	Stiftelsen Ole Bull Akademiet	Folke dans i Hordaland	1 år	425 000	425 000	
34.	Stord kommune	Leirvik fyrstasjon	2 år	159 500	155 000	
36.	Sunnhordland museum	Spor etter kraftproduksjon i landskapet	2 år	300 000	300 000	
38.	Vestnorsk kulturakademi/Bygningssenteret Voss/Hardanger	Utviklingsmidler til bygningsvern senteret Voss / Hardanger	2 år	1 000 000	850 000	

Følgjande søknader blir ikkje innvilga:

Nr	Søkjar	Prosjektnamn	Periode	Totalbudsjett	Søknadssum
2.	Annabel Guaita	Lytteskolen	3 år	1 410 000	600 000
3.	Annabel Guaita	Tangokompaniet	1 år	108 000	50 000
4.	Austrheim kommune	Nyskapande formidling av fiskarbonden	1 år	250 000	125 000
8.	Brak	Kompetansebank	1 år	180 000	70 000
10.	Bymuseet i Bergen	Utvikling av egne produkter til museumsbutikker.	2 år	2 881 000	1 240 500

11.	Bømlo Kunstlag	Kunst i natur	2 år	400 000	250 000
12.	Bømlo Teater	I slik ei natt	1 år	2 690 500	500 000
13.	Fartein Valen-arbeidet i Sveio	Styrking av salmesangen	3 år	915 000	200 000
14.	. Folkeakademiet Hordaland	Folk i Huset	3 år	912 290	306 290
15.	Hordaland musikkråd	musikkRÅD	3 år	198 000	198 000
18.	. Kunstgruppen Bærekraftige Liv	mosaikktrappene	1 år	100 000	40 000
20.	. Meling skule	"KulNatur"	1 år	165 000	75 000
22.	Nordnes Verksteder	Bra sending - Et nett-tv program av og for utviklingshemmede på Vestlandet	1 år	364 050	261 250
23.	Norges Musikkorps Forbund Hordaland	God start for musikanten	3 år	600 000	300 000
27.	Peak Studiofelleskap	Infrastruktur - bygging av arbeids- / øvingsfasiliteter	2 år	4 238 000	590 000
28.	Piksel Produksjoner Ltd	Piksel Lab 2015-17	3 år	4 825 017	900 000
31.	S12 Galleri og Verksted	støtte til S12 sin gjestekunstnerordning (AiR i S12) og utstillingsvirksomhet	3 år	2 095 160	900 000
32.	Sportsklubben Djerv	Historietorget på Møhlenpris	3 år	611 000	291 000
35.	Sunnhordland museum	Frå kitsj til kult - nyskapande formidling av broderiet som kvardagsdekor og kunstform	1 år	250 000	100 000

PS 144/15 Konsolidering stiftinga Bjørn West-museet og stiftinga Museum Vest

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget er positiv til samarbeidsavtalen mellom Masfjorden kommune, stiftinga Bjørn West-museet og stiftinga Museum Vest.
2. Fylkestinget ser at ei konsolidering vil styrkje forvaltinga og formidlinga av krigs- og okkupasjonshistoria på Vestlandet og styrke museumsverksemda gjennom stordriftsfordelar, større fagleg fellesskap og kompetanse.
3. Fylkestinget tek til etterretning at ei konsolidering vil få konsekvensar for omfanget av driftsmidlar til det konsoliderte museet, men må kome attende med ei eventuell løyving i samband med budsjetthandsaminga seinare i haust.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 10.09.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkestinget er positiv til samarbeidsavtalen mellom Masfjorden kommune, stiftinga Bjørn West-museet og stiftinga Museum Vest.

2. Fylkestinget ser at ei konsolidering vil styrkje forvaltinga og formidlinga av krigs- og okkupasjonshistoria på Vestlandet og styrke museumsverksemda gjennom stordriftsfordelar, større fagleg fellesskap og kompetanse.
3. Fylkestinget tek til etterretning at ei konsolidering vil få konsekvensar for omfanget av driftsmidlar til det konsoliderte museet, men må kome attende med ei eventuell løyving i samband med budsjetthandsaminga seinare i haust.

PS 145/15 Invitasjon til medlemskap i «Norges Verdensarv»

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune teiknar medlemskap i «Norges Verdensarv»
2. Årleg medlemskontingent på kr 20 000,- vert dekkja innanfor nettoramma til Kultur- og idrettsavdelinga

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 10.09.2015

Medlem Natalie Golis var ikkje til stades i behandlinga av saka.

Det var 11 representantar til stades.

Nils Marton Aadland (H) sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av utvalsmedlemane:

«Saka vert utsett til neste Kultur- og ressursutvalsmøte i påvente av meir informasjon.»

Røysting

Aadland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett til neste Kultur- og ressursutvalsmøte i påvente av meir informasjon

PS 146/15 Kunstnarstipend 2015

Forslag til vedtak

Kultur- og ressursutvalet tildeler 5 kunstnarstipend for 2015, kvart på kr 25.000, til desse søkjarane (totalt kr 125.000 frå konto 10.400.720):

- Øyvind Johnsen – visuell kunst
- Bettina Hvidevold Hystad – visuell kunst / lydkunst
- Idun Vik - scenekunst
- Kjetil Traavik Møster - musikk
- Maylen Rusti - musikk

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 10.09.2015

Varamedlem Bjarte Vatnøy var ikkje til stades i saka.

Det var 11 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kultur- og ressursutvalet tildeler 5 kunstnarstipend for 2015, kvart på kr 25.000, til desse søkjarane (totalt kr 125.000 frå konto 10.400.720):

- Øyvind Johnsen – visuell kunst

- Bettina Hvidevold Hystad – visuell kunst / lydkunst
- Idun Vik - scenekunst
- Kjetil Traavik Møster - musikk
- Maylen Rusti - musikk

PS 147/15 Riksantikvarens utkast til veileder for NB! - registeret. Kulturminnefagleg innspel.

Riksantikvaren har utarbeidd framlegg til rettleiar for NB!-registeret. Dokumentet er sendt ut på høyring med frist 2. september 2015. På grunn av politisk handsaming i Hordaland fylkeskommune etter fristen vert møteprotokoll ettersendt etter avtale med Riksantikvaren.

Rettleiaren si målgruppe er sakshandsamarar i fylkeskommunar, kommunar, eigedomsutviklarar og utbyggjarar. Rettleiaren tek for seg sakshandsamingsreglar som gjeld med omsyn til plan- og bygningslova i desse områda, og har ein fagleg del som syner kva prosess som er lagt til grunn for utveljing og avgrensing av NB!-områda.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune er positive til at Riksantikvaren har utarbeidd rettleiar for NB-registeret.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at rettleiar for NB!-registeret vil sikre ei tydelegare og meir føreseieleg kulturminneforvaltning i dei utvalde områda.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 10.09.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune er positive til at Riksantikvaren har utarbeidd rettleiar for NB-registeret.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at rettleiar for NB!-registeret vil sikre ei tydelegare og meir føreseieleg kulturminneforvaltning i dei utvalde områda.

PS 148/15 Kommunedelplan for Rv 13 Jøsendal - Odda sør - høyring

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet tilrår at alternativ 2 blir lagt til grunn for vidare planarbeid for ny vegtrasè Rv 13 Jøsendal- Odda sør, og støtter såleis Odda kommune og Statens vegvesen si tilråding i saka.
2. Med tanke på naturoppleving og reiseliv må det leggjast til rette for tilkomst og utsikt til Låtefossen.
3. Av omsyn til natur- og kulturlandskap må det leggjast stor vekt på avbøtande tiltak i planområdet.
4. I det vidare planarbeidet må det takast høgd for kollektivtrafikk i traseen mellom Espeland og Skare

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 10.09.2015

Varamedlem Bjarte Vatnøy var ikkje til stades i saka.

Det var 11 representantar til stades.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet tilrår at alternativ 2 blir lagt til grunn for vidare planarbeid for ny vegtrasè Rv 13 Jøsendal- Odda sør, og støtter såleis Odda kommune og Statens vegvesen si tilråding i saka.
2. Med tanke på naturoppleving og reiseliv må det leggjast til rette for tilkomst og utsikt til Låtefossen.
3. Av omsyn til natur- og kulturlandskap må det leggjast stor vekt på avbøtande tiltak i planområdet.
4. I det vidare planarbeidet må det takast høgd for kollektivtrafikk i traseen mellom Espeland og Skare

PS 149/15 Ymse

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 10.09.2015

Innspel frå medlemane:

Medlem Natalie Golis orienterte om engasjementet i bygda for å finansiere nytt piano på Kabuso, og oppmoda Kultur- og ressursutvalet til å støtte opp om Kabuso.

Utvalsleiar Anne-Beth Njærheim ønskte ei markering av siste møte i utvalet etter 4 år, og kom med forslag om ein utvida lunsj med smørbrød og kake, og fekk heile utvalet si støtte på det.

Spørsmål frå administrasjonen:

I samband med synfaring på Støleterassen i Etne, ønskte administrasjonen ei avklåring på kven som kunne vere med torsdag 24. september 2015, og følgjande medlemar stadfesta at dei kunne vere med:

- Natalie Golis
- Svein Halleraker

Utvalsleiar Anne-Beth Njærheim oppfordra alle i utvalet til å gjere det dei kan og gje melding om dei stiller på synfaring denne dagen.

Administrasjonen i Kultur og idrettsavdelinga vil organisere synfaringa og ta dei naudsynte kontaktar med Etne kommune og medlemane i utvalet.